
Saksnr: 2021/44776-1
Saksbehandlar: Jostein Fjærestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		21.10.2021
Fylkesutvalet		09.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Vikarteneste reinhald

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek å etablere ei vikarteneste innan reinhald for Stor-Bergen.
2. Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.
3. Fylkestinget vedtek at vikartenesta i Stor-Bergen og løysinga med fast vikar i Nordfjord og Sunnhordland skal løysast innan eksisterande økonomisk ramme for reinhald.

Samandrag

Vikarbruk innan reinhald blir i dag løyst med ringevikarar og innleige frå vikarbyrå. Omfanget av vikarbruken er på omlag 15 stillingar for heile Vestland fylkeskommune. Variasjonen i frávær og dei store avstandane mellom dei fylkeskommunale bygga i distrikta utanfor Stor-Bergen gjer at ei felles vikarteneste ikkje er tenleg. Det blir anbefalt ei felles vikarteneste for Stor-Bergen og ei prøveordning med ein fast vikar i to geografiske distrikt. Oppstart for vikartenesta er 1.1.2022. Fylkesdirektøren vil organisere ordninga på ein slik måte at den kan løysast innanfor eksisterande økonomisk ramme.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Som verbalpunkt i budsjettvedtaket for 2021 i sak PS 137/2020 i fylkestinget blei fylgjande vedtatt:

Offentleg sektor på ulikt nivå har gode erfaringar med å drifta vikarteneste i eigenregi. Det kan ha gode effektar for fylkeskommunen, både med omsyn til kvalitet og kostnader. I tillegg bidreg det til meir tryggleik og forutsigbarheit for den enkelte arbeidstakaren. Fylkestinget ber om ei sak om fylkeskommunal vikarteneste innan opplæring og eigedom. Fylkestinget legg til grunn at dette er mest aktuelt i Bergensområdet, men ber om at ein også ser på moglegheiter i andre delar av fylket.

Med bakgrunn i dette vedtaket er det vurdert kva løysingar og effekt ei vikarteneste kan ha for fylkeskommunen.

Det er i dag tilsett omlag 220 innan reinhaldstenesta i Eigedom i Vestland. Tenesta er organisert med to regionleiarar og med 20 reinhaldsleiarar som kvar har ansvar for 1-4 skular i eit geografisk område (normalt 3-4 skular). Reinhaldet er knytt til skular og nokon kollektivanlegg. Reinhald knytt til tannklinikkar er i hovudsak levert av eit eksternt reinhaldsbyrå, men ved nokre klinikkar med nærleik til skular blir reinhaldet utført av egne tilsette.

Vikarbruk i dag

Fråværet innan reinhaldstenesta er framleis høgt på omlag 11-13%, men har blitt redusert noko dei siste åra etter organiseringa under Eigedom. I samband med regionreforma blei også reinhald i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune lagt til Eigedom og tenesta fekk dagens organisering frå 1.1.2020. Ut frå erfaring i Hordaland fylkeskommune, der reinhald blei lagt til Eigedom vel 2 år før samanslåinga, så har nok ikkje effekten av den nye organiseringa sett seg og bør få bli uendra i noko tid til før evaluering.

Sjukefråværet i Q1-2021 har fordelt seg på 1,6% eigenmeldt fråvær, 1,25% sjukemeldt fråvær opp til 16 dagar og 9,33% sjukemeldt fråvær over 16 dagar. Samla er dette 1546 dagsverk eller omlag 26 stillingar. Ved kortare fråvær, så vil ein skifta til alternative reduserte reinhaldsplanar slik at vikarbruken vert redusert noko. Det er i tillegg noko overkapasitet på ressursar på nokon skular som også reduserer vikarbruken. Tal for Q1-2021 syner at samla vikarbruk var omlag 15 stillingar mot eit fråvær på 26 stillingar. Tala for dei enkelte geografiske områda (ein til fleire skular) viser at sjukefråværet i Q1-2021 varierer frå 0,33% til 50,36% (begge ytterpunktene er område med 4 årsverk). Dette viser at den samla statistikken må nyttas med forsiktighet for dei enkelte geografiske områda.

Det er i dag to type vikartenester som vert nytta ved sjukefråvær. Det er ringevikarar som er avtalar med enkeltpersonar som ikkje har noko fast oppdrag i fylkeskommunen, men som er lønna etter talet timar dei arbeider. Den andre løysinga er innleige på rammeavtale med vikarbyrå. Av desse to alternativene er ringevikar mest nytta også fordi det er avgrensa tilgang på vikarbyrå utanfor Stor-Bergen. Utviding av arbeidsomfang for dei tilsette reinhaldarane er i liten grad aktuelt, då det er svært få arbeidstakarar som har uønskt deltid. Uønskt deltid er vesentleg redusert dei siste åra gjennom å nytte naturleg avgang til å auke deltidsstillingar til fulle stillingar.

Mogleg organisering av vikarteneste

Det vil vere krevjande, kostbart og lite føremålstenleg å bygge opp ei felles vikarteneste for heile Vestland fylkeskommune. Avstandane mellom dei fylkeskommunale bygga er store og behovet varierer mykje over tid i dei enkelte områda. Unntaket er Stor-Bergen, der det er mange fylkeskommunale bygg som er lokalisert nært kvarandre. Det vil derfor vere ulike modellar som må vurderast for vikartenester innanfor Stor-Bergen og andre distrikt.

Vikartenester distrikt

Det er ofte store avstandar mellom dei fylkeskommunale bygga utanfor Stor-Bergen, og ei heildekkjande vikarteneste vil måtte ha tilsette på mange lokasjonar. Eit alternativ til ei

heildekkjande vikarteneste er ei vikarteneste innan eit geografisk avgrensa område. To eksempel på geografiske område som er knytt saman og som har ein felles reinhaldsleiar er:

- Nordfjord med skulane Måløy vgs, Eid vgs, Stryn vgs og Firda vgs (16 årsverk)
- Sunnhordland med skulane Bømlo vgs, Rubbestadnes vgs, Stord vgs og Fitjar vgs (15 årsverk)

Dersom vikartenesta var plassert sentralt i distriktet (Eid vgs. og Stord vgs.), så kunne dei andre skulane verte nådd innan 30-45 minuttar med bil. I dei vidare betraktningane, så er dette lagt til grunn.

Det vil vere større kostnader med ein fast vikar samanlikna med ringevikarane. Hovudelementa i meirkostnaden er to forhold. Reisetid frå oppmøtestad til arbeidsstad må inngå i arbeidstida for ein fast vikar og arbeidstid til reinhald vil derfor gjennomsnittleg bli redusert med 15-20%. Den faste vikaren må også disponere ein bil som kan nyttast når arbeidsoppgåvene er på andre skular enn oppmøteskulen. Disponering av bil som vil gje ein meirkostnad på 50-80.000 kr i året, gjev omlag 15% høgare kostnad pr årsverk. Ein kan difor grovt rekne at kostnaden pr time reinhald blir omlag 30% høgare for ein tilsett fast samanlikna med dagens ordning med ringevikarar. Samanlikna med reinhaldstenester frå eit vikarbyrå, så er kostnad ikkje mykje høgare. For dei aktuelle distrikta, så er det ringevikar som er det mest vanlege då vikarbyrå ikkje er tilgjengeleg.

Dersom ein nyttar ein fast vikar innan eit geografisk område styrt av ein reinhaldsleiar, så er det truleg at administrasjonskostnaden vil gå noko ned. Dette skuldast spart tid samanlikna med å ringe inn vikarar, men det vil vere ein person meir å fylgje opp med personalansvar.

Dersom ei slik vikarteneste skal kunna bli rekningssvarande, så må effektiviteten av ein fast vikar vere nytta fullt ut. I tillegg så må det vere ein vesentleg gevinst i produktivitet og kvalitet som oppveg meirkostnaden samanlikna med ein ringevikar. I gjennomsnitt ut frå fråværet/vikarbruken i Q1-2021, så vil det samle fråværet vere nær to stillingar og vikarbehovet 1,1 stilling i eit område med 15 reinhaldarar. Når ein kjenner til variasjonane i sjukefråværet over tid, så kan det vere krevjande å halde ein fast vikar i 100% arbeid med vikartimar heile tida. For område med under 15 årsverk er det lite aktuelt med fast tilsette vikarar.

Nokon skular har noko høgare kapasitet enn det som blir berekna ut frå reinhaldsplanar. Denne ekstrakapasiteten har vore etablert over fleire år og er vanskeleg å nytte på tvers av skulane. Ekstrakapasiteten vil ofte også berre vere delar av stillingar. Ein mogleg modell kunne vere å frigjere denne kapasiteten eller delar av den til ein stilling som fast vikar. Slik at meirkostnaden av ein fast vikar blir heilt eller delvis dekkja av denne kapasitetsreduksjonen. Dette er truleg naudsynt for at vikartenesta skal kunne løysast innan dagens budsjett.

Vikarteneste Stor-Bergen

For Stor-Bergen er det 83 årsverk innan reinhald. Nyttar ein fråværestala for heile fylket frå Q1-2021, vil det til ein kvar tid vere 10 personar som ikkje er på jobb pga. sjukdom. Av desse har knapt 8 personar eit fråværet som er lengre enn 16 dagar og vel 2 personar har eit kortare fråværet. Som tala frå Q1-2021 også viser, så vil ikkje behovet for vikarar vere tilsvarande høgt, men omlag 6 stillingar. Sjølv om ein lykkast i å redusere sjukefråværet monaleg og ein tek omsyn til dei store svingingane det kan vere i sjukefråværet, så vil det vere mogleg å sysselsetje fleire faste vikarar 100% kvar dag. Sidan mange av bygga ligg relativt samla geografisk, så vil gjennomsnittleg reisetid for dei faste vikarane vere lågare enn for distrikta. Det vil også vere mogleg å reise kollektivt på ein effektiv måte for fleire oppdrag, så også kostnader til transport/bil vil vere noko lågare. Det er ikkje funne erfaringstal for desse meirkostnadane, men vurderinga er at reisekostnader og reisetid gjev ein meirkostnad på omlag 15-20% samanlikna med ein ringevikar og truleg noko lågare kostnad enn reinhaldstenester frå eit vikarbyrå.

Ei slik vikarteneste med fleire tilsette som tilbyr tenester til eit større område med fleire reinhaldsleiarar vil krevje noko administrasjon. Om dette samla er eit meirarbeid eller går opp i opp med oppgåver som blir lettare, er vanskeleg å fastslå. Vurderinga er uansett at det ikkje utgjør ein avgjerande faktor.

For Stor-Bergen vert det i dag nytta både ringevikarar og innleigde frå vikarbyrå. Den samla meirkostnaden av eigne faste vikarar vil derfor vere avgrensa til anslagsvis mindre enn 10%. Dersom talet på faste vikarar blir avgrensa til 4-5 personar, så vil kapasiteten bli nytta fullt ut og det er svært truleg at effektiviteten blir betre enn med ringevikarar eller innleigde frå vikarbyrå. Ei slik ordning vil derfor kunne løysast innanfor dagens økonomiske ramme. Også for Stor-Bergen er det

skular med noko meirkapasitet enn det som blir berekna ut frå reinhaldsplanar. Dette er berre delar av stillingar, men det bør søkast om det er mogleg å flytta noko av denne kapasiteten inn i ei vikarteneste.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse for sak fremma i fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

I Stor-Bergen vil det vere mogleg å etablere ei vikarteneste for reinhald innanfor dei eksisterande økonomiske rammene dersom ein avgrensar talet på faste vikarar slik at dei til ei kvar tid er tilnærma 100% sysselsett. For andre distrikt i Vestland må det vere minimum 15 stillingsressursar innanfor eit naturleg geografisk område og det bør i tillegg vere mogleg å ta noko eksisterande overkapasitet i området for at det skal vere mogleg å gjennomføre innanfor eksisterande økonomisk ramme. I forslag til vedtak er grunnlaget at det skal løysast utan auke av den økonomisk ramme.

Klima:

Vedtaket vil ha liten påverknad på klima. Det vil bli noko meir reise med bil, men klimaeffekten kan reduserast med at det vert nytta el-bil.

Folkehelse:

Det er målsettinga at kvaliteten på reinhaldet ikkje skal bli redusert som fylgje av tiltaket.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Strategi 1.2 under mål 1 er i nokon grad relevant då tiltaket vil skape fleire faste arbeidsplassar i Vestland fylkeskommune, men oppdrag til ringevikarar og innleige frå vikarbyrå vil bli redusert tilsvarande.

Konklusjon

Fylkesdirektøren anbefaler følgjande:

- Det vert etablert ei vikarteneste for Stor-Bergen med 4 faste vikarar i fyrste omgang.
- Det vert etablert ei vikarteneste i distrikta Nordfjord og Sunnhordland med ein fast vikar som ei prøveordning i 15 månader.
- Vikartenesta blir etablert frå 1.1.2022
- Vikartenesta blir organisert slik at den kan løysast innanfor eksisterande økonomisk ramme.

Vikartenesta blir evaluert fyrste kvartal 2023 både på kvalitet, nytte og økonomi. Evalueringa skal også komme med ei anbefaling om vidare drift av vikartenesta i dei tre områda og eventuelle moglege utvidingar.